

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd:	Stord sokneråd
Tid:	Onsdag 10. november 2021
	Kl. 19.00 – 21.00
Møtestad:	Kyrkjekontoret
Opning:	Sigrunn/Anders

Til stades: Anders Dahl, Kirsti Angvik Frugård, Olav Johannes Oma, Dag Sele, Ingeborg I. H. Ørjasæter, Sigrid Beate Eskeland, Signe Vorland (1. vara), Dagfinn Koppang (3.vara)

Forfall: Nils Dale Elde, Sigrunn Ljosland, Egil Petterteig, Dag Kjetil Lægreid (2.vara)

SAKLISTE

2021/51- 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

Tillegg av sak 60 vedr. Makspris på kyrkjelydsleir.

Vedtak: Godkjent. Samrøystes.

2021/52- 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

Vedtak: Godkjent. Samrøystes.

Orientering frå AU om saker vedteke på fullmakt

Ingen saker behandla sidan sist.

2021/53- 362 Misjonsprosjekt (Oppfølging Sak 2021/46)

Diakoniutvalet v/Signe og/eller Dagfinn gir oppdatert informasjon om misjonsprosjektet. Drøfting rundt korleis vi arbeider med dette framover.

Halgeir og Gerd Eli Haaland arbeider 50%

For tida er dei heime, men periodevis ute. Arbeid med "Agenda 1" og "Trygg barndom". Dei kjem gjerne på besøk til kyrkjelyden, for meir informasjon. Signe har fått reisebrev. Plan om nye personar som skal reisa ut fast frå januar 2022: Bård og Karen Rebbestad Løkken og barna deira Theo, Noah og Ingrid.

Vedtak:

Soknerådet tek orienteringa til vitande. Diakoniutvalet følgjer vidare opp kontakten med prosjektet og ønskjet om besøk i kyrkjelyden. Samrøystes.

2021/54- 311 Gudstenesteplan for våren 2022

vedl 1

Gudstenesteutvalet legg fram forslag til gudstenesteplan for våren 2022.

Gudstenestetidspunkt kl 13 er sett opp som ein moglegheit for eiga dåpsgudsteneste, når det er mange dåpsbarn. Legg opp til ca 2 dåp i gudstenesta kl 11 som hovudregel.

Vedtak:

Gudstenesteplanen vart vedteken som framlagd. Samrøystes.

2021/55- 112 Årsbudsjet 2022

vedl 2

Arbeidsutvalet legg fram forslag til årsbudsjet for 2022. Utvala og medlemmene i rådet kan kome med forslag til endringar / omdisponeringar.

Vedtak:

Årsbudsjetet for 2022 vart vedteke med endring som kom fram i møtet. Samrøystes.

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

2021/56- 317 Takkoffer våren 2022

vedl 1

Gudstenesteutvalet legg fram forslag til takkoffer-føremål våren 2022.

Vedtak:

Takkofferlista vart vedteken med endring som kom fram i møtet.

Samrøystes.

2021/57- 012 Møteplan og årshjul for 2022

vedl 3

Forslag til datoar for sokneråd blir lagt fram av AU, saman med forslag til årshjul

Soknerådsmøter: 26.jan, 22.feb, 23.mar, 21.apr, 19.mai og 14.jun. (Alle kl 19-21).

AU-møter: 18.jan, 10.feb, 10.mar, 7.apr, 5.mai og 31.mai

Andre viktige datoar: Døgnet 2021 (7.-8 jan), Kyrkjelydsleir (4.-6.feb), Årsmøte (mars/april)

Vedtak:

Møteplan vedteken som framlagt. Årshjul vedteken med endringar som kom fram i møtet.

Det kom også fram ønskje om at utvala får eigne årshjul.

Samrøystes

2021/58- 002 Høyringsuttale – ny kyrkjeordning

vedl 4

Arbeidsutvalet legg fram utkast til høyringsuttale i saka om ny kyrkjeordning.

Vedtak:

Høyringsuttalen vert vedteken som framlagd.

Samrøystes

2021/59- 150 Særskild tilskot til frivillig innsats i sokna (Oppfølging Sak 2021/44)

Kyrkjeverje har opplyst at ein likevel har motteke ca kr 60 000 til Stord Kyrkjelege Fellesråd som eit særskild tilskot, jfr informasjon i Sak 2021/44. Oppsummert skal pengane gå til sokn som har hatt meirutgifter ifm koronatiltak, og til aktivitetar som gjennomførast innan 31.des 2021. Elisabeth Fauskanger har informert soknerådet om ekstrakostnadar ifm gjennomføring av konfirmantopplegg (tur til Solgry) på totalt kr ca 30 000,-. Forvalting av tilskotet vil skje gjennom fellesrådet, og det er opp til sokneråda og dei tilsette å spele inn tiltak ein kan nytta midlane til. Stord Kyrkjelege Fellesråd har løyva kr 30 000,- til Stord sokn frå dei tildelte midlane.

Vedtak:

AU følgjer opp dialogen med fellesrådet vedr dokumentasjon av kostnadar knytt til tilskotet.

2021/60- 360 Kyrkjelydsleir - makspris

Komiteen som planlegg kyrkjelydsleiren i februar rettar eit spørsmål til soknerådet om å fastsetja ein makspris, med sikte på at soknerådet dekkar overskytande kostnad.

Vedtak:

Soknerådet ønskjer å bruka økonomiske midlar på å unngå at familiar som ønskjer å delta blir hindra av økonomi. Komiteen blir oppmoda til å koma tilbake til arbeidsutvalet med forslag til innretning, anten i form av makspris, fleksibel pris eller ein større refusjon til dei som treng det.

Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. «Kva skjer i kyrkja vår?», orientering v/sokneprest.
 - a. Mange gravferder og mange dåp for tida
 - b. Positiv reSTART-helg og Prosidag
2. Innspel frå utvala
 - a. Gudstenesteutvalet og frivilligutvalet ønskjer å arrangera inspirasjonssamling for frivillige
3. ~~Orientering frå Fellesrådet v/ Dag.~~ Utgjekk pga tid.
4. Arbeidet med rutinar for politiattest v/Ingeborg (oppfølging Sak 2021/42). Dette blir arbeidd med.
5. PREP-kurs. Avslag på utsettelse av tiltak til 2022.

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

- a. Det blir arbeidd mot gjennomføring i februar.
- 6. Mangel på kyrkjevertar på 14.nov, 28.nov, 24.des og 31.des
 - a. Medlemer av soknerådet dekker nokre av tidspunkta. Olav sender ut mail om resten.

- **Skriv, referat og meldingar**

- 1. Rekneskapsrapport per 30.sept 2021
- 2. Referat, Stord Kyrkjelege Fellesråd 22.sept
- 3. Referat, Nysæter sokneråd, 6.okt
- 4. Referat, Kyrkjestova Fredheim, 19.okt

Anders Dahl
soknerådsleiar
sign

Dag Sele
referent
sign

Dag	Dato	Tid	Sted	Utvidelser	Takkoffer	Tittel	Beskrivelse
5siå	30.01.2022	14:45	Huglo bedehuskapell	Gudstjeneste, Dåp, Nattverd	Sunnhordlandsaksjonen NMS	Gudstjeneste	
Fastel	27.02.2022	14:45	Huglo bedehuskapell	Gudstjeneste, Dåp, Nattverd	NMS	Gudstjeneste	
MB	27.03.2022	14:45	Huglo bedehuskapell	Gudstjeneste, Dåp, Nattverd	Kirkens Nødhjelp	Gudstjeneste	
Skjært	14.04.2022	14:45	Huglo bedehuskapell	Gudstjeneste, Dåp, Nattverd	Indremisjonssamskipnaden	Gudstjeneste	Basar på Huglo, palmelaurdag
17. mai	17.05.2022	11:00	Huglo bedehuskapell	Gudstjeneste, Dåp, Nattverd	Kyrkjelydsarbeidet	Gudstjeneste	Klokkeslett??
Pidag	05.06.2022	14:45	Huglo bedehuskapell	Gudstjeneste, Dåp, Nattverd	Misjonsprosjektet	Gudstjeneste	
KrÅp	02.01.2022	11:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste, Dåp, Nattverd	Kyrkjelydsarbeidet	Gudsteneste	
KrÅp	02.01.2022	13:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste, Dåp		Gudstjeneste med dåp	
2siå	09.01.2022	11:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste, Dåp, Nattverd	Sjømannsmisjonen	Gudstjeneste	
2siå	09.01.2022	13:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste, Dåp		Gudstjeneste med dåp	
3siå	16.01.2022	11:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste, Dåp, Nattverd	Norsk Gideon	Gudstjeneste	
3siå	16.01.2022	13:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste, Dåp		Gudstjeneste med dåp	
4siå	23.01.2022	11:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste, Dåp	Misjonsprosjektet	Familiegudstjeneste	T10-11
4siå	23.01.2022	13:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste, Dåp		Gudstjeneste med dåp	
5siå	30.01.2022	11:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste, Dåp	Sunnhordlandsaksjonen NMS	Gudstjeneste	
5siå	30.01.2022	13:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste, Dåp		Gudstjeneste med dåp	
6siå	06.02.2022	11:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste, Dåp, Nattverd	Interkulturelt fellesskap IKF	Gudstjeneste	OBS: K.lydsleir
6siå	06.02.2022	13:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste, Dåp		Gudstjeneste med dåp	
Såm	13.02.2022	11:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste, Dåp	Det norske bibelselskapet	Gudstjeneste	
Såm	13.02.2022	13:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste, Dåp		Gudstjeneste med dåp	
KrFo	20.02.2022	11:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste, Dåp	Barne- og ungdomsarbeidet i kyrkja	Familiegudstjeneste	T9 Tårnagent
KrFo	20.02.2022	13:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste, Dåp, Nattverd		Gudstjeneste med dåp	
Fastel	27.02.2022	11:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste, Dåp	Diakoniarbeidet i kyrkja	Gudstjeneste	Felles
Fastel	27.02.2022	13:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste, Dåp		Gudstjeneste med dåp	
2sif	13.03.2022	11:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste, Dåp, Nattverd	Kyrkjelydsarbeidet	Gudstjeneste	
2sif	13.03.2022	13:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste, Dåp, Nattverd		Gudstjeneste med dåp	
3sif	20.03.2022	11:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste, Dåp, Nattverd	Trusopplæringa	Familiegudstjeneste	
3sif	20.03.2022	13:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste, Dåp		Gudstjeneste med dåp	
MB	27.03.2022	11:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste, Dåp, Nattverd	Framnes Kristne v.g. Skule	Gudstjeneste	
MB	27.03.2022	13:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste, Dåp, Nattverd		Gudstjeneste med dåp	
4sif	03.04.2022	11:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste, Dåp, Nattverd	Filippinarforeininga Bømlø-Stord	Gudstjeneste	
4sif	03.04.2022	13:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste, Dåp, Nattverd		Gudstjeneste med dåp	
4sif	03.04.2022	18:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste	Kirkens Nødhjelp	Kveldsgudstjeneste	Temagudst. KN - konf.

Dag	Dato	Tid	Sted	Utvidelser	Takkoffer	Tittel	Beskrivelse
Palm	10.04.2022	11:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste, Dåp, Nattverd	Trusopplæringa	Familiegudstjeneste	
Palm	10.04.2022	13:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste, Dåp		Gudstjeneste med dåp	
Skjært	14.04.2022	11:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste, Dåp	Kyrkjestova Fredheim	Gudstjeneste med dåp	
Lang	15.04.2022	11:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste		Gudstjeneste	Felles
Pådag	17.04.2022	11:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste, Dåp, Nattverd	Misjonsprosjektet	Høytidsgudstjeneste	
2sip	24.04.2022	11:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste, Dåp, Nattverd	Barnevakten	Gudstjeneste	
2sip	24.04.2022	13:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste, Dåp		Gudstjeneste med dåp	
3sip	01.05.2022	11:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste, Dåp, Nattverd	Misjonsprosjektet	Gudstjeneste	1.mai-markering?
3sip	01.05.2022	13:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste, Dåp		Gudstjeneste med dåp	
Lø e 3sip	07.05.2022	10:30	Stord kyrkje	Gudstjeneste	Kyrkjelydsarbeidet	Gudstjeneste	Konfirmasjon
Lø e 3sip	07.05.2022	12:30	Stord kyrkje	Gudstjeneste		Gudstjeneste	konfirmasjon
4sip	08.05.2022	11:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste	Kyrkjelydsarbeidet	Gudstjeneste	Konfirmasjon
5sip	15.05.2022	11:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste, Dåp, Nattverd	KFUM/K	Gudstjeneste	
5sip	15.05.2022	13:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste, Dåp		Gudstjeneste med dåp	
17. mai	17.05.2022	11:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste	Kyrkjemusikalsk arbeid	Gudstjeneste	
Lø e 5sip	21.05.2022	10:30	Stord kyrkje	Gudstjeneste	Kyrkjelydsarbeidet	Gudstjeneste	Konfirmasjon
Lø e 5sip	21.05.2022	12:30	Stord kyrkje	Gudstjeneste		Gudstjeneste	Konfirmasjon
6sip	22.05.2022	10:30	Stord kyrkje	Gudstjeneste	Kyrkjelydsarbeidet	Gudstjeneste	Konfirmasjon
6sip	22.05.2022	12:30	Stord kyrkje	Gudstjeneste		Gudstjeneste	Konfirmasjon
KrHi	26.05.2022	11:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste	Barne- og ungdomsarbeidet i kyrkja	Gudstjeneste	Friluft, Parken
Sfpi	29.05.2022	11:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste, Dåp, Nattverd	Kyrkjestova Fredheim	Gudstjeneste	
Sfpi	29.05.2022	13:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste, Dåp		Gudstjeneste med dåp	
Pidag	05.06.2022	11:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste, Dåp, Nattverd	Misjonsprosjektet	Gudstjeneste	
Pidag	05.06.2022	13:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste, Dåp		Gudstjeneste med dåp	
Treen	12.06.2022	11:00	Gruvene	Gudstjeneste	Kyrkjebladet Spira	Gudstjeneste	Familiedag, felles
2 sit	19.06.2022	11:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste, Dåp, Nattverd	Misjonsprosjektet	Gudstjeneste	
2 sit	19.06.2022	13:00	Stord kyrkje	Gudstjeneste, Dåp, Nattverd		Gudstjeneste med dåp	

Inntektsk	Kostnads	Beskrivelse	Budsjett 2022	
			Inntekt	Kostnad
		Total	708 000	717 250
		Overføring Fellesråd - Diakoni og trusopplæring	36 000	36 000
16109		Deltakarbetalning		
18601		Takkoffer til diakoniarbeidet	12 000	
18602		Takkoffer til Trusopplæringa	24 000	
	14401	Overføring trusopp./diakon/egenbet til FR		36 000
		Takkoffer og givarteneste til andre	206 000	206 000
18650	14650	Takkoffer til eksterne organisasjonar	96 000	96 000
18651	14651	Takkoffer/innsamling fasteaksjonen	50 000	50 000
18652	14652	Takkoffer/innsamling misjonsprosjektet	60 000	60 000
	14700	Tilskot/stønad til lag og organisasjonar		-
		Kyrkjelydshus / Kyrkjestove	244 000	244 000
16201	14654	Givertjeneste - Kyrkjestova	220 000	220 000
18607		Takkoffer til kyrkjestova	24 000	24 000
		Kyrkjelydsarbeid	105 000	76 000
18600		Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet	72 000	
18606	11106	Barne- og ungdomsarbeid (ikkje Trusopplæringa)	18 000	20 000
18653	14653	Kveldssamling	10 000	10 000
16200	11501	Arrangement med billettinntekter		
16202	15020	Arrangement utan billettinntekter		15 000
	11107	Diakonale tiltak (i regi av SR)		3 000
	11202	Mat, serveringsutgifter, kyrkjekaffi o.l.		6 000
	11400	Informasjonsarbeid (annonser, blad, flyers)		5 000
	12000	Innbu, utstyr, bøker		2 000
	12002	Teknisk utstyr, verktøy		-
	12003	PC-utstyr, lyd-utstyr		
	12005	Kunst, utsmykking, tekstil, liturgisk utstyr		
	12304	Vedlikehald innbu/utstyr		
		Tilskot/stønad til eige arbeid		
	11201	Velferdstiltak, gåver o.l.		2 000
	11207	Diverse, andre utgifter		
	11500	Kurs, Døgnet o.l.		10 000
19000	15300	Renteinntekter	5 000	
	11301	Gebyr bank		3 000
		Kyrkjeblad	105 000	140 250
18703	11401	Kyrkjeblad	105 000	140 250
		Kyrkjemusikalsk arbeid / Arrangement	12 000	15 000
18604		Takkoffer til kyrkjemusikalsk arbeid	12 000	
	11102	Kyrkjemusikalsk arbeid ved kantor		15 000

			Budsjett 2022	
Inntektsk	Kostnads	Beskrivelse	Inntekt	Kostnad
		Total	708 000	717 250
		Prosjektmidler	-	-
18700		Tilskot/gåver frå andre		
	11502	Arrangement uten billettinntekter		
18700		Tilskot/gåver frå andre		
16109		Deltakarbetaling		
	11501	Arrangement med billettinntekter		
		Resultat før disponering	-9 250	
		<i>Takkoffer totalt</i>	<i>378 000</i>	<i>260 000</i>
		Disponeringar til balansen	9 250	-
		Underskot dekket av midlar i ubunde fond	9 250	
		Overskot overført til ubunde fond		
		Bruk av øymerke midlar (bunde fond)		
		Øymerke midlar (bunde fond) til seinare bruk		
		Resultat etter disponering (skal vere 0)	0	

Måned	Aktiviteter/fokus	Faste saker	Plan for 2022
Januar	Døgnet		Døgnet SR-møte tema: Kyrkjelivsutval
Februar	Kyrkjelydsleir	Årsmøte, årsmelding og rekneskap	Tema: Gudstenesta (inviter gudstj.utval inkl kantor & prest)
Mars			Tema: Diakoni (inviter diakon og diakoniuval) Oppstart diakoniplan-arbeid?
April	Årsmøte	- Gudstenesteplan for hausten - Takkoffer hausten	Tema: Kyrkjelydshus
Mai	Konfirmasjoner	Rekneskapsrapport pr 30.april	Tema: Frivillige
Juni		- Sommarfullmakt - Evaluering av SR-arbeid	Tema: Kyrkjebladet Spira / Kommunikasjons- og informasjonsarbeid
Juli	(Sommer)		
August			Tema: Misjonsprosjekt?
September		Rekneskapsrapport pr 30.aug	
Oktober		- Gudstenesteplan for våren - Møteplan for neste år, inkl. tema/årshjul	Tema: Trusopplæring (inviter TOL-utval + einingsleiar TOL)
November		- Budsjett - Liste over offerføremål	
Desember		Valg	

HØYRINGSSPØRSMÅL TIL KYRKJELEGE HØYRINGSINSTANSAR

Dette word-dokumentet er meint som eit verktøy i sakshandsaming i kyrkjelege rådsorgan. Det er **IKKJE** høve til å sende inn høyringssvar i dokument-format.

ALLE SVAR MÅ BLI FYLT UT I ELEKTRONISK SVARSKJEMA av ein person:
<https://surveys.enalyzer.com?pid=dimb3n6f>

Dei 48 spørsmåla i dette dokumentet er [dei same som i høyringsnotatet](#), og dei same som i det elektroniske svarskjemaet.

Innleiande spørsmål

01. Namn på høyringsinstans **Stord sokneråd**

02. Type høyringsinstans

a. Sokneråd

For sokneråd:

Kor mange medlemmer i soknet?

0-2000 / 2 001-10 000 / **Over 10 001**

b. Fellesråd

For sokneråd og fellesråd:

Kva bispedømme / kva prosti **Björgvin bispedømme / Sunnhordland prosti**

Kor mange sokn er det i fellesrådsområdet? **2**

Kor mange tilsette er det i fellesrådet (heiltids- og deltidsstillingar)? **15**

Kor mange prestar har sin tenestestad i sokn i fellesrådsområdet? **2**

c. Arbeidstakarorganisasjon

d. Arbeidsgjevarorganisasjon

e. Verneteneste

f. Utdanningsinstitusjon

g. Forskingsinstitusjon

h. Barne- og ungdomsorganisasjon

i. Interesseorganisasjon

j. Valliste

k. Enkelperson

l. Andre, spesifiser

03. Kontaktperson hjå høyringsinstansen [Namn / Stilling/verv / E-post-adresse]

Anders Dahl, soknerådsleiar

Høyringsspørsmål til forslaga frå utvalet

Del 1. Etablering av prostifellesråd og dagleg leiing

1. Om etablering av prostifellesråd som arbeidsgjevarorgan

Kyrkerådet ynskjer å få høyringsinstansane sitt synspunkt på «grepet» med å etablere kommuneoverskridande prostifellesråd til erstatning for dagens kyrkjelege fellesråd, der prostifellesråda vil vere arbeidsgjevar for både dagens fellesrådstilsette og kyrkjelydsprestane.:

04. Kva er fordelar og mogelegheiter med å etablere eit felles kyrkjeleg organ på eit justert prostinivå der dette prostifellesrådet skal vere arbeidsgjevarorgan for alle dei som arbeider lokalt? [fritekst]

Me ser fordelane først og fremst knytt til samling av arbeidsgjevaransvaret gjennom einskapleg leiing og prioritering, samtidig som me ikkje trur dette er avhengig av organisering i prostifellesråd. Eit nytt Prostifellesråd (PFR) vil gje moglegheit for

- Styrka kompetanse innan administrasjon, økonomi og arbeidsgjevaransvar og spesialisering av tenester og kompetanse. Betre fagmiljø for ulike grupper tilsette.
- Større einingar vil vere meir robust ved sjukdom, oppseiingar mm.
- Ei arbeidsgivarlinje og einskapleg leiing innanføre eit geografisk område. Klarare kommandoliner.
- Forenklar samarbeid og samanheng mellom bispedømenivå og lokalkyrkja (ved PFR)

Me trur likevel ulempene er større enn fordelane med PFR-løysinga.

05. Kva er ulemper og risiko med å etablere felles kyrkjeleg organ på prostinivå der dette prostifellesrådet skal vere arbeidsgjevar for alle dei som arbeider lokalt? [fritekst]

Den mest openberre ulempa med prostifellesråd er avstanden til både lokalsamfunn og ikkje minst løyvende mynde / kommunestyre. Eit nytt PFR vil utløyse fare for:

- Svakare felles økonomi då kommunane vil vegre seg for å løyve pengar til eit stort PFR-område, til dels langt unna. Dei vil truleg heller ikkje betale ut i kroner det som i dag er budsjettmessig stipulerte kommunale tenesteytingar
- Uro mellom sokna mtp ressursmessige fordelingsnøklar
- Oppleving av alt for stor avstand mellom PFR og lokalkyrkja og svekking av folks kjensle av tilhøyrsløse til kyrkja lokalt.
- Me les rapporten slik at ein del av verksemdstyringa i praksis vil skje på prostinivå, der felles planar, prioriteringar og satsingar vert drive fram av stab, dagleg leiing og prostifellesrådet – noko som gjer sokna mindre i stand til å styre verksemda lokalt. Dette kan vidare svekke engasjementet blant folkevalde (og rekruttering til folkevalde organ) og frivillig engasjement lokalt.
- Prostifellesråd med mange sokn vert veldig byråkratiske organ med lange møter, mykje sakspapir og mange saker som ikkje opplevast relevante for alle i rådet. Dette gir og ein viss fare for at ordninga vil innebera for stor grad av «profesjonalisering» av dei folkevalde i rådet. Kombinert med punktet over vil det svekke rekruttering til råda.
- Ein av målsetjingane er fleire heiltidsstillingar. Dette gjer at fleire tilsette vil måtte arbeide i fleire sokn for å fylle opp stillingsbrøken. Dette kan medføre at tilknyttinga mellom tilsette og soknet dei arbeider i vert svekka – og avstanden mellom tilsette, folkevalde og frivillige aukar.
- I den grad organisering og dagleg leiing på prostinivå skal medføre at tilsette samlokalisert på felles kontor vil det truleg og verte lenger reiseveg for mange tilsette, og mindre «operativ» tid i møte med menneske lokalt. Alternativt må dei lokale kontora ha stadlege leiarar i tillegg til dagleg leiar, men då introduserast eit nivå til i organisasjonen

med dei ressursane det krev.

06. Kva tiltak kan setjast i verk for å redusere eventuelle uheldige konsekvensar ved å etablere kommuneoverskridande prostifellesråd? [fritekst]

Små prosti kan til ein viss grad kompensera for avstandsulempene, men kan på samtidig føra til meir byråkrati og dyrare drift. Me opplever at dei grunnleggjande ulempene er så store at dei ikkje kan eliminerast ved å flikke på forslaga gjennom enkelttiltak.

07. Andre innspel eller synspunkt på det å etablere prostifellesråd som felles arbeidsgjevarorgan for alle dei som arbeider lokalt i kyrkja, og til erstatning for dagens kyrkjelege fellelråd?

Me ser det som ei god målsetjing å oppnå ei samla arbeidsgjevarlinje i kyrkja. Dette trur me kan medverka til ein organisasjon som er både meir oversiktleg, samla og lettare å driva. I tillegg trur me at det kan styrka arbeidsmiljø og rekruttering. På den andre sida er me skeptiske til målsetjinga om større/store einingar og til trua på at dette nødvendigvis gir ei styrka, billegare og meir rasjonell drift. Overordna er me opptatt av at kyrkja er forankra og drive nærast mogleg soknenivået, og at organiseringa legg til rette for «mest mogleg kyrkje» for medlemmane lokalt i sokna.

Medlemmene i utvalet har lagt vekt på ulike omsyn når dei anbefalar modell for arbeidsgjevarorganisering på prostnivå, og utvalet er difor delt i anbefalinga. Moment som har vore vektlagt er mellom anna kor gjennomførleg modellen er, om den er eigna til å nå målet om at kyrkja skal «henge godt saman lokalt, regionalt og nasjonalt», om den gjev auka mogelegheit for strategisk leiing av kyrkja si verksemd lokalt og om den kan bidra til å nå målet om at Den norske kyrkja skal vere ein attraktiv arbeidsplass med god leiing. Med omsyn til desse momenta og dykkar erfaringar:

08. Kva modell for arbeidsgjevarorganisering er å anbefale? [Modell 1 / Modell 2 / Modell 3]
Grunngjev kvifor og spesifiser gjerne kva mål de har lagt mest vekt på (sjå avsnitt 2.3 og kapittel 9 i rapporten) [fritekst].

Stord sokneråd ønskjer modell 1.

Modell 1 har ei tydeleg forankring i sokna lokalt, er ryddig og enkel å forstå og forklare til andre utanfor kyrkja. Ulempa er at alt må løysast på prostnivå og at det kan verte store lokale skilnadar i organisering, miljø blant tilsette mm.

Modell 2 har sin fordel i å vere fleksibel med omsyn til framtidig organisering og finansiering av Den norske kyrkja. Arbeidsgjevarfunksjonen kan delegerast til ulike nivå avhengig av på kva nivå ein ser det høveleg å organisera arbeid, t.d. om ein vil løfte kyrkjebygg-kompetanse ut på bispenivå og administrative funksjonar på nasjonalt nivå. Den har og fordelene av å kunne samordne prinsipp for utøvinga av arbeidsgjevarrolla gjennom sentrale føringar. Den har likevel ein risiko knytt til skilje mellom arbeidsgjevaransvaret og tilsetjingsforholdet – der arbeidsgjevar lett kan verte sitjande med eit stort ansvar som dei ikkje har mynde til å utøva, alternativt at dei tek meir styring (mindre delegering) enn tanken var. Modell 2 gir og minst forankring og påverking frå soknenivået, noko som er negativt for engasjementet i sokna. Dei ulike sokna i Den norske kyrkja er svært ulike, og det er ein risiko for at funksjonar på bispe- eller nasjonalt nivå ikkje vil klare å tilby tenester som treff godt for alle dei lokale sokna. Det er og uheldig at Modell 2 er juridisk uklar og dermed skapar usikkerheit i gjennomføringa.

Modell 3 er kompleks og vidarefører dei to linjene sjølv om arbeidsgjevarfunksjonen samlast. Når ein først skal omorganisera for å bli kvitt dei to linjene bør denne unngåast.

09. Har høyringsinstansen synspunkt på korleis tilsetjingar bør gå føre seg? [fritekst]

Korleis modellen skal fungere lokalt er ikkje ferdig utgreidd, og det er derfor vanskeleg å svare konkret på spørsmålet om tilsetjingar. Generelt vil me løfta fram viktigeita av at tilsette har lokal forankring, ikkje arbeider i for mange sokn på ein gong og dermed soknet si medbestemningsrett når det kjem til tilsetjingar.

10. I dagens modell er det to arbeidsgjevarlinjer og Kyrkjemøtet har vedteke mål om ei felles arbeidsgjevarlinje. Kyrkjerådet ynskjer å høyre følgjande:

- a. Finst det ein betre modell for å nå målet om ei arbeidsgjevarlinje enn forslaga som er presentert i denne høyringa? I så fall, grunngjev og skildre dette [fritekst].

Me meiner at det ville vera ei betre ordning å ta utgangspunkt i dagens fellesråd og at alle hadde fellesrådet som arbeidsgjevar. Då må det også utgreiast ordningar med interkommunale samarbeid, vertskommunemodell eller anna, for dei som ønskjer det. Dette kan t.d. vera aktuelt for dei som opplever seg for små til utvida arbeidsgjevaroppgåver.

I tillegg må ordninga med kyrkjefagleg kompetanse i leiinga justerast i høve til det skisserte for prostifellesråd. Ein ville i ein slik modell m.a. truleg kunna sjå nærare på om dette skulle liggja til prost eller sokneprest.

- b. Ynskjer de å oppretthalde dagens ordning med to arbeidsgjevarlinjer, med eventuelle justeringar, på tross av Kyrkjemøtet sitt vedtak om éi arbeidsgjevarlinje? [Ja / Nei / Dersom ja, grunngjev svaret].

Ja. Me ønskjer primært ei arbeidsgjevarlinje, men dersom ein ikkje finn løysingar på det som opprettheld kontakten mellom lokalkyrkja og lokalsamfunnet/kommunane kan det vere betre å halda på dagens løysing med to arbeidsgjevarlinjer. Det gjeld og om kostnadane med ei omorganisering blir for stor sett opp i mot effekten / det ein oppnår. Dersom ein held på løysinga med to arbeidsgjevarlinjer bør det verte arbeida med rolleforståinga og kompetansen til dei ulike arbeidstakargruppene i møte med leiing lokalt og sentralt.

2. Dagleg leiing i prostifellesrådet

11. Utvalet har lagt vekt på ulike omsyn når dei anbefalar modell for dagleg leiing. Moment som har blitt vektlagt er mellom anna om modellen gjev auka mogelgheit for strategisk leiing av kyrkja si verksemd lokalt og om modellen bidret til målet om å vere ein attraktiv arbeidsplass med god leiing. Med omsyn til desse momenta og dykkar erfaringar: Kva modell for dagleg leiing er i sum å føretrekke? [Modell 1 / Modell 2 / Modell 3] [Grunngje kvifor og spesifiser gjerne kva mål de har lagt mest vekt på (sjå avsnitt 2.3 og kapittel 9 i rapporten) [fritekst]].

Stord sokneråd ønskjer Modell 2.

Modell 1 gir lokal fleksibilitet, men det er eit spørsmål om lokale folkevalde råd reelt sett klarer å velje mellom desse når prosten tradisjonelt har ein sterk autoritet/respekt gjennom rolla si. Sjølv om me trur ein kyrkjefagleg leiar vil kunne vere ein god leiar for verksemda, ser me og ein risiko for at viktige oppgåver innan det administrative (økonomi/finansiering og arbeidsgivarrolla) kan verte nedprioritert frå ein kyrkjefagleg leiar – og desse oppgåvene er sentrale på fellesrådsnivået.

Modell 2 gir ein tydeleg modell med einskapleg leiing og prioritering. Ei slik løysing bør settast opp med ein tydeleg samarbeids-relasjon mellom biskop og prost for å ivareta kyrkjefagleg sparring og oppfølging. Me meiner og at prost/kyrkjefagleg leiar bør løftast opp som ein tydeleg nestleiar i den daglege leiinga, etter Modell 1. Medlemmene som anbefalar Modell 2 legg og vekt på at leiing i arbeidslivet er noko anna enn åndeleg leiing (jfr KA sin høyringsuttale) og dei legg vekt på ei tradisjonell forståing av leiing.

Modell 3 er noko uklart framstilt og vert forstått ulikt av rådsmedlemmene når det kjem til kor vidt prosten i denne modellen skal ha arbeidsgjevar-rolle for dei kyrkjefagleg tilsette. Dersom dei to sidestilte leiarane begge skal ha arbeidsgjevarrolle for ulike tilsette er det i praksis ei vidareføring av to arbeidsgjevarlinjer – noko med ønskjer å unngå. Dersom modellen ikkje inneber at prosten har arbeidsgjevaransvar, men kun ei fagleg leiarrolle for dei kyrkjefaglege, vil denne modellen ha ein fordel i å unngå over-/underordning mellom dei to leiarane. Den vidarefører og prinsippet med råd og embete etter ein liknande modell som bispedømet og kyrkja nasjonalt.

12. Finst det andre og betre modellar for dagleg leiing som er å føretrekke? Forklar kva og korleis den føreslegne modellen på ein betre måte svarar ut måla for arbeidet [fritekst].

Ingen svar.

13. Kva nasjonale krav til kvalifikasjonar bør det bli stilt til den daglege leiaren? [Alternativ 1: Det er tilstrekkeleg at dagleg leiar er medlem og har eit engasjement for kyrkja sin bodskad / Det må bli stilt nasjonale krav i tillegg til dei som er sett opp i alternativ / Har de andre synspunkt på nasjonale krav? [Fritekst]].

Det lokale fellesrådet er dei rette til å stilla konkrete krav til kompetanse (formell og uformell) og anna ved utlysing. Det er lokale skilnader i kva som er viktig og ikkje minst i kva kompetanse det er realistisk å få blant søkerane. Det bør likevel utarbeidast nasjonale råd for kva kompetanse ein anbefaler å søkje etter, som ei rettesnor og ei synleggjering av kva kompetanse søkerarar bør tileigna seg. Dagleg leiar må først og fremst ha leiarkompetanse og i tillegg eit viss minimum av kyrkjeleg kompetanse, ikkje omvendt.

14. Müller-Nilssen-utvalet har nytta omgrepa «kyrkjevevje» og «prost», men har poengtert at desse kan få nytt innhald og nye titlar. Gjeve at innhaldet vil bli noko endra, bør desse at titlane bli vidareført i ny organisering, eller bør dei bli endra? [Titlane bør ikkje bli endra / Titlane bør bli endra / Grunnge og spesifiser eventuelt forslag].

Titlane bør bli endra.

Tittelen kyrkjevevje er vanskeleg å forstå for andre utanfor kyrkja og bør erstattast med «dagleg leiar». Tittelen «prost» treng ikkje endrast dersom den skal haldast av ein prest – men bør endrast dersom det vert opna for kandidatar med anna kyrkjefagleg bakgrunn. Det kan generelt vere ein fordel å endra titlane når innhaldet endrast for å unngå at gamle måter å forstå innhaldet på vert med vidare.

Del 2. Oppgåver og ansvar på dei ulike nivåa

3. Biskopen si rolle

15. Gjeve at arbeidsgjevaroppgåvene vert samla i prostifellesrådet, kva bør bli gjort for å styrke biskopen sitt tilsynsansvar overfor sokn, tilsette og råd? [Fritekst]

Alt etter kva slags arbeidsgjevarmodell som blir valt, kva slags verkemiddel bør biskopen ha for å ivareta si leiar- og tilsynsrolle?

Biskopen bør ha ei klar og tydeleg tilsynsrolle med god tilgang til å kommunisera til, og med, dei tilsette og råda i bispedømet. Biskopen bør ha ei oppfølging av dei kyrkjefaglege leiarane i prostifellesråda, ikkje som arbeidsgivar, men med vekt på utrusting, inspirasjon og kyrkjefaglege problemstillingar

16. Gjeve at arbeidsgjevarmodell 2 blir valgt, der dei som arbeider lokalt blir tilsett i RDNK, bør biskopen ha eit sjølvstendig arbeidsgjevaransvar, eller bør biskopen si tilsynsrolle vere frikopla frå arbeidsgjevaransvaret? [Biskopen bør ha eit sjølvstendig arbeidsgjevaransvar /

Biskopen si tilsynsrolle bør bli frikopla frå biskopen sitt sjølvstendige arbeidsgjevaransvar / Grunngeving i fritekst].

Ingen svar.

17. Kva slags oppgåver meiner høyringsinstansen det er viktig at biskopen tek hand om? [Fritekst].

- Oppfølging av kyrkjefaglege leiarar i prostifellesråda.
- Geistleg representant i bispedømerådet.
- Visitasar, inspirasjon og kompetanseutvikling innanfor det kyrkjefaglege
- Forvaltning / tilsyn med tenesteordningar og fagleg fridom
- Vigsling og tilsyn med vigsla medarbeidarar

18. Er høyringsinstansen einig eller ueinig i følgjande tiltak? [Heilt ueinig/litt ueining/verken eller/litt einig/heilt einig. Grunnge [Fritekst]].

- Det må bli etablert ein tydeleg samanheng mellom biskopen, prosten og den øvrige leiinga i prostiet som legg til rette for samarbeid og samhandling innan bispedømet, gjennom faste møtepunkt gjennom året. **Heilt einig**
- Biskopen må sikrast ein fagleg kompetent stab.
Stord: Litt ueinig
- Biskopen må sikrast ei rolle i tilsetjingssaker [Viss einig, spesifiser korleis?].
Stord: Litt einig (Uttalerett ved tilsetjing av kyrkjefaglege leiarar og evt prestar)
- Biskopen må kunne kalle inn alle kyrkjelege medarbeidarar til fagsamlingar og kompetansehevande tiltak **Heilt einig**
- Det bør vere korte prostivisitasar for å sikre biskopen dei nødvendige verkemiddel til å utøve tilsynsansvaret på ein god måte. **Heilt einig**

4. Bispedømeråda sine oppgaver

19. Kva bør vere dei sentrale oppgåvene for bispedømerådet? [Fritekst]

Bispedømerådet bør ha som si primære oppgåve å arbeida for at kyrkja heng saman frå lokalplanet til det nasjonale planet med kyrkjemøtet.

Bevilge pengar frå statleg tilskot til prostifellesråda.

Arbeid med overordna planar, målsetjingar og strategiar frå nasjonalt nivå og setje regionale målsetjingar tilpassa bispedømet. Bidra til å kommunisere ut dei nasjonale strategiane slik at desse vert forstått og gjort relevante for sokna og prostifellesråda

5. Oppgåver og ansvar for nytt folkevald organ – prostifellesrådet

20. Bør prostifellesrådet ha føremålsbestemming som utvalet foreslår? [Ja / Nei. Dersom nei, spesifiser kva som bør bli endra]

Nei.

Slik prostifellesrådet er beskrive i rapporten les me at medansvaret for det kristelege livet i sokna fort kan gå over til at prostifellesrådet tek hovudansvaret for felles planar med utgangspunkt i tilsette og dagleg leiing – og at sokna blir dei medansvarlege.

Me meiner at eit prostifellesråd bør ha positivt avgrensa oppgåver som dagens kyrkjelege

fellesråd, og at det skal vere vekt på dei administrative, økonomiske og arbeidsgjevaremessige oppgåvene i eit slik råd

21. Müller-Nilssen-utvalet har brukt «prostifellesråd» som namn på nytt folkevald organ. Er dette eit godt namn, eller er det andre forslag? [Ja / Nei, spesifiser / Ingen merknad]

Ingen merknad

6. Oppgaver og ansvar for soknerådet

22. Bør soknerådet få eit ansvar for gjennomføring av gudstenester og kyrkjelege handlingar, dvs. det ansvaret som ikkje er avgrensa av forordninga til biskopen, liturgiske bestemmingar frå Kyrkjemøtet og presten sin sjølvstende, gjeve av ordinasjonen? [Ja / Nei / Grunngje i fritekst].

Ja. Soknerådet har utfordringar med å sjå akkurat kva oppgaver og kva ansvar det spørst om, og legg til grunn at det er eit svært avgrensa ansvar ein spør om. Generelt er det ønskeleg å samle verksemdsansvaret hjå soknerådet heller enn å fragmentere det ved å ha ein ulik modell for gudstenester og andre områder – men samstundes er det innspel på at evt store oppgaver på dette feltet vil kunne gje ekstra arbeidsmengde i soknerådet som gir utfordringar når det kjem til rekruttering.

23. Bør soknerådet si rolle i tilsetjingar av dei som arbeider i soknet bli tydeliggjort og nedfelt i kyrkjeordninga eller i anna kyrkjeleg regelverk? [Ja, dersom ja spesifiser kva og kvifor. / Nei, dersom nei, spesifiser kvifor].

Ja. Soknerådet si rolle bør tydeleggjerast og beskrivast i anna regelverk (for å ha ein større fleksibilitet enn om det nedfellast i kyrkjeordninga). Det er vanskeleg å beskrive denne rolla godt før dei vidare utgreiingane om lokal leiing mm er ferdige – men prostifellesråda er beskrive å dekkje mange sokn. Det er naturleg å sjå føre seg at tilsette får eit sokn som tenestestad etter modellen prestane har i dag, og at soknerådet på tenestestaden kan uttala seg i tilsetjingssaker. Uklare moment er når stillingar skal dekkje fleire sokn, eller når dagens tilsette er aktuelle for å byte tenestestad eller utvida si stilling og dermed får fortrinnsrett til stillingar, og soknet i praksis ikkje får uttala seg.

24. Er det oppgaver i dag som blir gjort av fellesrådet som heller bør ligge til soknerådet? Og motsett: Oppgaver som i dag ligg til sokneråda som bør ligge hos prostifellesrådet? [Spesifiser i stikkordsform].

Ingen svar.

7. Prostimøte

25. Er det tenleg å opprette eit årleg prostimøte?

[Ja, som et rådgjevande organ for prostifellesrådet innanfor m.a. strategi og satsingar i prostiet / Ja, som eit organ med formell avgjerdsrett som vedtek rammebudsjett, godkjenner årsmelding og rekneskap / Nei. Viss nei, mogeleg å spesifisere kvifor.]

Nei. Prostimøtet vil verte ei stor forsamling der tema rundt strategi og satsingar i prostiet vil kunne føre til at planar forankrast først på prostinivå heller enn å starte lokalt i sokna. Fordelane med eit slikt møte vil vere auka forståing i sokneråda for det som skje på prostinivå. I Sunnhordland har me gode erfaringar med ein årleg prostidag (for tilsette og sokneråd) som fokuserer på felles inspirasjon, gode møter med andre sokn og felles tema – men som ikkje er bindande for sokna. Eit evt prostimøte bør vere lettbeint og inspirerande framfor byråkratisk og formelt – og ikkje bindande vedtak.

Del 3. Kyrkjeleg demokrati, val og samansetning

Trussamfunnslova sitt kapittel 3 har som føreål å legge til rette for at Den norske kyrkja forblir ei landsdekkande og demokratisk evangelisk-luthersk folkekyrkje. Dette er i samsvar med Den norske kyrkja si sjølvforståing, slik den er uttrykt av Kyrkjemøtet. Eitkvart medlem i Den norske kyrkja som fyller 15 år innan utgangen av valåret, har røysterett i kyrkjelege val. I denne delen er spørsmål knytta til kyrkjeleg demokrati, valordningar og samansetninga av kyrkjelege organ samla.

8. Soknerådet og prostifellesrådet

26. Utvalet har vurdert korleis prostifellesrådet bør veljast, og foreslår at prostifellesrådet blir valt av sokneråda. Er høyringsinstansen einig i dette? [Einig. Begrunn: / Ueinig. Begrunn: / Andre forslag (fritekst)] **Einig. Då har me eit eigarforhold til det i sokneråda, og ein unngår for mange direkte val.**

27. Utvalet foreslår ein representant frå kvart sokneråd i prostifellesrådet. Einig? **[Einig / Ueinig. Viss ueinig, spesifiser endring]**

28. Bør det vere kommunal representasjon i prostifellesrådet?
[Ja, med full røysterett / Ja, med møte- og talerett / Nei / Eventuell fritekstkommentar]
Sjå og svar på spm 20 der me meiner eit evt PFR bør ha eit positivt avgrensa mandat med fokus på administrative, økonomiske og arbeidsgjevaremessige oppgåver.

29. Har høyringsinstansen andre synspunkt på soknerådets og prostifellesrådets samansetning? [fritekst]

På same måte som kyrkjemøtet får ulik vekting av stemmene til den einskilde medlem når alle bispedøme får likt tal delegatar, vil dette gjelde i prostifellesrådet. Der vil representanten frå kvart sokneråd representere ulikt tal medlemmer, og stemmen til kvar einskild medlem tel dermed ulikt. Differensiering på tal medlemmer frå kvart sokneråd vil gje eit for stort råd, men det bør vurderast om dei ulike representantane skal ha ulik stemmevekt i voteringssaker, slik at medlemmenes stemmer tel likt.

9. Bispedømerådet

30. Kva samansetning av bispedømerådet bør veljast?
[Alternativ 1: Kyrkjemøtemedlemmar valt frå bispedømet (som i dag) / Alternativ 2: Eit prostifellesrådsmedlem frå kvart prostifellesråd / Alternativ 3: Kyrkjemøtemedlemmane valt frå bispedømet og eit prostifellesrådsmedlem frå kvart prostifellesråd (utvalets anbefaling)]

Alternativ 3 (kyrkjemøtemedlemmene + eit medlem frå kvart PFR)

10. Kyrkjemøtet

31. Bør talet på Kyrkjemøte-medlemmar frå kvart bispedøme fastsetjast (vektast) relativt til medlemstal i bispedømet? [Ja / Nei / Grunngeving i fritekst]

Stord: Ja. Kvart medlem si stemme bør telja likt i Kyrkjemøtet.

32. Bør ordninga med val av prest til Kyrkjemøtet bli avvikla? [Ja / Nei / Grunngeving i fritekst]

Nei

33. Bør ordninga med val av lek kyrkjeleg tilsett til Kyrkjemøtet bli avvikla? [Ja / Nei / Grunngeving i fritekst]

Nei

34. Viss ordninga med val av prest og/eller lek kyrkjeleg tilsett blir avvikla, i kva grad bør prestar og leke kyrkjeleg tilsette vere valføre til Kyrkjemøtet? **[Dei bør vere valføre som**

folkevalde, med unnatak av tilsette på bispedømekontora og i Kyrkjerådet sitt sekretariat / Dei bør ikkje vere valbare / Anna, spesifiser].

35. Andre merknader til Kyrkjemøtet si samansetning? [Fritekst] **Ingen svar**

11. Kyrkjerådet

36. Korleis bør Kyrkjerådet veljast hvis det er fleire lister i Kyrkjemøtet?

[**Fleirtallsval** / Førhaldsval (listeval) / Avtaleval / Avtaleval viss gruppene blir samde. Viss ikkje: førhaldsval / Ei anna ordning. Forklar i fritekst].

37. Korleis bør Kyrkjerådet vere sett saman, viss ordninga med val av prest og lek kyrkjeleg tilsett til Kyrkjemøtet blir avvikla?

[1. Av leiar, 15 andre folkevalde medlemmar og preses i Bispemøtet (utvalet sitt forslag) / **2. Av leiar, elleve andre folkevalde medlemmar og preses i Bispemøtet** / 3. På anna vis; spesifiser]

38. Korleis bør Kyrkjerådet vere sett saman, viss ordninga med val av prest og lek kyrkjeleg tilsett **ikkje** blir avvikla? [1. **Av leiar, elleve folkevalde medlemmar, fire prestar, ein lek kirkelig tilsett og preses i Bispemøtet (som i dag)** / 2. Av leier, elleve folkevalde medlemmar, ein prest, ein lek kyrkjeleg tilsett og preses i Bispemøtet / 3. På anna vis; spesifiser]

39. Kva alternativ for krav til balanse mellom kvinner og menn i Kyrkjerådet bør nyttast?

[**Krav om minst 40 prosent kvinner og menn i Kyrkjerådet etter valoppgeret** / Krav om minst 40 prosent kvinner og menn på vallista]

Del 4. Relasjon til kommunane og ny prostiinnndeling

12. Om relasjon til kommunane

Dersom Kyrkjemøtet vedtek ei ordning med prostifellesråd;

40. Kva for nokre av tiltaka som er nemnt nedanfor er viktige for å halde ved lag ein god relasjon mellom kyrkje og kommune? (For kvart alternativ: Svar på ein skala frå 1-5, der 5 er veldig viktig, medan 1 er heilt uviktig)

a. Vidareføre en ein til ein-relasjon mellom kommune og prostifellesrådet i samband med budsjettprosessar og anna samarbeid mellom kyrkje og kommune, slik det i dag er det mellom kommunane og fellesrådet.

5

b. Skilje mellom driftsbudsjett og investeringsbudsjett, slik at kommunane kan vere sikre på at investeringar som kommunen gjer kjem kommunen til gode.

4

c. Styrkje kyrkja si rolle som aktør i samskaping for kommunane, ved å skape nye tilbod saman og samarbeide om eksisterande prosjekt.

3

d. Anna; spesifiser i fritekst.

13. Ein ny prostistruktur

41. I kva grad meiner de at utvalet har peika på dei relevante omsyna som det bør leggst vekt på ved fastsetting av nye prostigrenser. Svar på ein skala frå 1-5 der 5 er veldig relevant medan 1 er veldig irrelevant. Er det eventuelt andre omsyn som bør leggst vekt på?

Med bakgrunn i at ein opplever PFR som for stort og for langt unna lokalkyrkja og lokalsamfunn / kommunane blir mange av omsyna som er nemnt nærast irrelevante.

Me opplever derfor pkt 3, 6 og 7 som dei viktigaste omsyna inn mot dette – men da mest som del av argumenta mot PFR.

42. I kva grad opplever de dagens prostigrenser som I hvilken grad oppleves dagens prostigrenser som føremålstenlege for etablering av prostifellesråd? [Svært føremålstenlege / Nokså føremålstenlege / Verken eller / Nokså lite føremålstenlege / Svært lite føremålstenlege].

43. Andre synspunkt på prostistrukturen, til dømes kva som er ein eigna storleik på eit nytt arbeidsgjevarorgan?

Eit prostifellesråd med utgangspunkt i Sunnhordland prosti ville omfatta 23 sokn i 7 kommunar. Totalt ville det gjeve eit råd på 31 medlemmer (inkl geistleg rep.). Det er og skeiv fordeling mellom tal sokn per kommune som vil gi enkelte kommunar ei stor makt i eit slikt råd utan at det reflekterer medlemstal, jfr svar på spm 29.

Lokalt ser me Stord, Fitjar og Bømlo kommune som eit aktuelt samarbeidsområde, med totalt 7 sokn i totalt 3 kommunar.

14. Samisk kirkeliv

44. Bør det veljast ein eigen samisk representant i prostifellesrådet i dei prostia som har minst eitt sokn som ligg i forvaltningsområdet for samisk språk? [Ja / Nei / Grunngeving]

45. Korleis kan ein ta vare på samisk kyrkjeliv i ny kyrkjeleg organisering på lokalt nivå? [fritekst] Ingen svar

46. Korleis kan ein ta vare på samisk kyrkjeliv i ny kyrkjeleg organisering med folkevalt organ på prostinivå? [fritekst] Ingen svar

47. Korleis kan ein ta vare på samisk kyrkjeliv i ny kyrkjeleg organisering på nasjonalt nivå? [fritekst] Ingen svar

15. Andre innspel eller synspunkt

48. Viss de har andre innspel eller synspunkt til rapporten eller saka om kyrkjeleg organisering kan de skrive det her [fritekst]

Det er ei krevjande sak som er omfattande og samstundes ikkje ferdig utgreidd. For sokneråda er det viktig å forstå korleis dette skal fungere lokalt, og fleire av dei utgreiingane som er satt i gang etter at saka gjekk til høyring vil kunne vere avgjørande for soknet si vurdering. Spesielt omsyna til lokal leiing og forholdet til kommunane er sentralt.

Overordna meiner me utvalet har overvurdert det frivillige demokratiske potensialet og den kommunale viljen til å løyve midlar til kommuneoverskridande «kyrkjeprosjekt». Difor finn me ikkje prostifellesrådsmodellen tenleg som ny kyrkjeleg organisering. Me har likevel svart på fleire av spørsmåla om korleis eit PFR kan fungere. Dette må sjåast på som innspel ein ønskjer å løfte fram i eit tilfelle der ein likevel går vidare med PFR – ikkje som støtte til PFR-modellen i seg sjølv.

Vår vurdering er at ein i fortsetjinga bør fokusera på å finna ordningar som kan samla arbeidsgjevaransvaret så langt som mogeleg i dagens fellesråd, kombinert med interkommunale samarbeidsordningar for dei som ønskjer det og justerte ordningar for kyrkjefagleg kompetanse i dagleg leiar sin stab. I ei slik ordning blir det også svært viktig å fortsatt ivareta dei tilsette sin faglege fridom, knytt til både tenesteordningar og anna.